

Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.09.2019

Ann Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Lønsutviklinga til leiar i fylkeskommunen skal som hovudregel ikkje liggja over den sentrale ramma og den lokale ramma elles.

Fellesnemnda vedtek at prosjektleiar får ei lønsauke med 3,2% frå 01.05.19.»

Røysting

Det var 21 representantar til stades.

Innstillinga frå fellesnemnda sitt forhandlingsutval vart vedteke med 20 røyster mot 1 røyst (SV) for Oen sitt forslag.

Vedtak

Fellesnemnda vedtek at løna til prosjektleiar vert regulert med 4,115 prosent med verknad frå 1. januar 2019.